# Barn

*Trude Håvardstun & Arne-Helge Byrknes*

*Forspel: | Em | D | Am | x 2*

*Em                              Am*
**1** Hugsar du barn du sov i mitt liv?

*D                          G*
Verda under mitt hjarte.

*Em                         Am*
Du draumesymde, eg kviskra lint.

*D    C            G*
Med mjuke rørsler du svarte.

*Refreng*

*Em  D                    Am*
Å – å – hugsar du barn?

*Em  D                    Am*
Å – å – hugsar du barn?

*Em                               Am*
**2** Hugsar du barn frå mørke til ljos?

*D                          G*
Verda ny som di sjel.

*Em             Am*
Du opna augo, æva eg såg.

*D            C            G*
Gråten din gjorde meg sæl.

*Refreng*

*Em                       Am*
**3** Hugsar du barn du låg ved mitt bryst?

*D                   G*
Verda berre oss to.

*Em              Am*
Du drakk av livet, kjelda i meg.

*D        C          G*
Kjærleiksbylgjene slo.

*Refr.*

*(mod: Em –> F#m)*

*F#m                         Hm*
**4** Eg hugsar barn, den vissa eg fekk:

*E                        A*
I verda, eg låner deg litt.

*F#m                      Hm*
Slepp deg or reiret, fugleunge flyg.

*E         D         A*
Stig høgt, og så; fall fritt.

*F#m                       Hm*
Slepp deg or reiret, fugleunge flyg.

*E            D           A*
Barn, du eig hjartet mitt.

*Refr x 2*

*F#m  E               Hm*
Å – å – hugsar du barn?

*F#m  E               Hm*
Å – å – hugsar du barn?